

NOTERT



FOTO: HØGSKOLEN I FINNMARK

Ikkje nøgd: Bente Haug seier BI-rapporten er unyansert.

REISELIV

Slaktar BI-rapport om norsk reiseliv

* Bente Haug, førstelektor ved Høgskolen i Finnmark, slaktar BI-rapporten om at distriktsreiseliv ikkje løner seg.

Haug tykkjer rapporten er unyansert slik den står no, og syner til tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB), der det kjem fram at reiselivsnæringane står for 3,3 prosent av bruttonasjonalprodukt og om lag 6,3 prosent av total sysselsetjing i 2009.

– Reiselivet bør ikkje samanliknast med olje- og gassverksemd eller sjøretta næringar, sidan reiselivsnæringa ikkje driv med materiell vareproduksjon. Det blir som å samanlikne mus og elefantar. seier ho.

Ifølgje Haug er det ikkje tilgjengeleg fullstendige tal for total verdiskaping i reiselivet, sidan børsnoterte selskap, som til dømes Hurtigruta, ikkje oppgir tal på gjestedøger og små og mellomstore bedrifter ikkje må rapportere verksemda si.

– Det er ein utfordring for norsk reiselivsforskning at det er få og mangelfulle data å ta utgangspunkt i. Med det må talgrunnlaget BI-rapporten generaliserer ut frå basere seg på eit avgrensa utval verksemdar, seier ho.

©nationen.no

* EUROPAUTREDNINGA

Rettar kritikk mot EFTA-domstolen

Sejersted-utvalet rosar overvåkingsorganet ESA, men rettar kritikk mot EFTA-domstolen. – Vi må vurdere rolla til desse organa, seier Høgres Nikolai Astrup.

«Meir katolsk enn paven». Denne merkelappen er blitt sett både på ESA, som overvakar EØS-avtalen, og på EFTA-domstolen, som tolkar EØS-retten. Det regjeringsoppnemnde Sejersted-utvalet frikjenner ESA frå skuldningane om å vere urimeleg streng om ein samanliknar med EU, men utvalet rettar fleire kritiske merknader mot EFTA-domstolen.

– Manglar tillit

Sejersted-utvalet skriv at EFTA-domstolen i nokre saker har dømt strengare enn EU-domstolen. Det vil seie at EFTA-domstolen skal ha tolka EØS-avtalen på ein måte som har gitt nasjonale styresmakter i

EØS-landa mindre handlingsrom enn det EU-landa sjølv har.

Utvalet kritiserer også at EFTA-domstolen har for få saker. Domstolen har berre behandla 130 saker gjennom 18 år med EØS-avtale. Dette blir forklart med at EFTA-domstolen ikkje har klart å få tillit hos dei nasjonale styresmaktene i EFTA-landa.

Mange tap

Det går også fram av Sejersted-rapporten at norske styresmakter har tapt i sju av ni tunge prinsipp-saker som har vore oppe i EFTA-domstolen. Saka om heimfallsretten for norsk vasskraft er ei av desse.

EFTA-domstolens president Carl Baudenbacher svarar slik på kritikken i rapporten:

– Eg har alltid tenkt at grunnen til at vi får så få saker frå Noreg er at statsadvokaten systematisk set seg imot å konsultere EFTA-domstolen, skriv han i ein e-post til Nationen.

Baudenbacher påpeikar også at Sejersted-utvalet ikkje kjem med noko grunngeving for sin påstand om at EFTA-domstolen manglar tillit blant norske dommarar.

Han seier at så lenge utvalet ikkje kan vise til ei undersøking gjort blant norske dommarar, er det umogleg å forhalde seg til påstanden. Han avviser også Sejersted-utvalets påstand om at EFTA-domstolen dømmer strengare enn EU-domstolen.

Vil diskutere

Høgres Nikolai Astrup meiner det kan vere interessant å vurdere rolla både til ESA og til EFTA.

Fakta

Europautredningen

* Sejersted-utvalet har på oppdrag frå regjeringa greidd ut om Noregs avtalar med EU. Denne veka leverte dei sin rapport.

* ESA er kort for EFTA surveillance authority og har som oppgåve å overvake at EØS-avtalen blir overheldt i EFTA-landa Noreg, Liechtenstein og Island.

* EFTA-domstolen har som oppgåve å avgjere EØS-rettelege spørsmål som oppstår i EFTA-landa.

* Domstolen er EØS-systemets motsvar til EU-domstolen.

– Eg har merka meg at mange juristar i Noreg ser behov for å vurderer rolla til desse organa. Det synest eg vi bør vere villige til å gjere, seier han.

Senterpartiets nestleiar Trygve Slagsvold Vedum er ikkje einig i Sejersted-utvalets vurdering av ESA, og meiner overvåkingsorganets rolle bør diskutereast.

– ESA har berre tre land å forhalde seg til når ein skal kontrollere. Spørsmålet er om ESA ikkje er blitt eit for stort organ, og om det ikkje gjer at kontrollane derifrå er blitt for omfattande, seier Vedum.

Han trur dette får uheldige konsekvensar.

– Det kan føre til at det blir meir regelrytteri enn praktisk politikk, seier Vedum.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no

* Les også Perspektiv, side 2-3, og Aktuell, side 18-19.



Kritisk til domstol: Jusprofessor Fredrik Sejersted leia utvalet som har vurdert Noregs avtalar med EU.

FOTO: SCANPIX



OM EØS-AVTALEN
«Det blir meir regelrytteri enn praktisk politikk.»

TRYGVE SLAGSVOLD VEDUM
NESTLEIAR I SP

nationen.no • Følg disse sakene i dag

Har du peiling på nyhetsuka?



Nationens nyhetsquiz: Test hvor mye du har fått med deg av sist uke. Vi legger ut ny quiz hver fredag.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

Utvikler dataspill for griser



Nøff: Et samarbeid mellom nederlandske forskere og spill-designere har munnet ut i et dataspill hvor mennesker kan spille dataspill mot griser. Se video!

FOTO: PLAYINGWITHPIGS.NL

Kjempemessig kjempemesse



Matmesse: Rekordmange fra Norge reiser til matmessa Grüne Woche, en av verdens største i sitt slag. Vi kommer med flere saker.

FOTO: HILDE LYSENGEN HAVRO

* Følgende saker var mest lest på nationen.no fredag: 1. Kineserne støvsuger markedet for melk 2. Stor interesse for melkekvoter 3. Åtte organisasjoner bak allianse for ny landbrukspolitikk